

Sentraladministrasjonen,  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

**Vedkjem sak 52/12 i Fylkestinget : Sal av Valen og Handeland Gard**

Underteikna lag og organisasjonar med tilknytning til Valebygda meiner Fylkestinget har vedtatt sal av Valen og Handeland Gard på sviktande grunnlag. Omsynet til kulturhistoriske verdiar, rekreasjon for breie brukargrupper og framtidig bruk i helse / terapeutisk og pedagogisk samanheng, er ikkje belyst i grunnlaget for vedtaket. Vi meiner saksframstillinga på dette grunnlag er mangelfull og har preg av hastverksarbeid der særskilte relevante fakta og opplysningar ikkje kjem fram. Summen av dette er, etter vår meining, at vedtaket i sak 52/12 er teke på feil / sviktande grunnlag.

Saka gjeld ikkje berre sal av ein gard med tilhøyrande jord og skogeigedommar. Eit sal av Valen og Handeland Gard er eit særskilt stort inngrep som mange fryktar kan ha negative konsekvensar for bygda og bruken av området. Dette gjeld både i høve til allmenn bruk, rekreasjonsføremål og mange organiserte lokale aktivitetar. Dessutan bruk i samband med sjukehus, DPS og pedagogisk verksemd gjennom skule og barnehage og ikkje minst med omsyn til framtidig verdiskaping med potensial langt utover Valebygda (sjå lista under og henvising til bruk av området).

Følgjande lag og organisasjonar er redde for at eit sal av "Sjukehusgarden" vil truga noverande verksemd og aktivitetar og har uttrykt dette gjennom separate skriv som følgjer vedlagt:

***A: Organisasjonar som driv med kultur og kulturhistorisk arbeid:***

1.Kvinnherad Kystlag, 2. Valestiftinga,

***B. Lag og organisasjonar som driver med friluftsliv i ulike former:***

3. Valen ride og kjøreklubb, 4. Interesselaget Postveien, 5. Interesselaget Varhaugselet, 6. Valen jakt og fiskelag, 7. Valen Skyttarlag, 8. Valen Båtlag, 9. Kvinnherad Turlag, 10. Hytteutvalet Valen sjukehus

***C. Hjelpeapparat (Helse-Fonna) og skular / pedagogisk verksemd:***

11. Folgefonn DPS, 12. Ergoterapi / Fritidsavdeling Valen sjukehus, 13. Ters (teknologi og realfag i skulen), 14. Valen skule og Valen barnehage.

***D. Andre organisasjonar***

15. Valen Helselag.

## Oppsummering

Med utgangspunkt i at saka, etter vår meining, ikkje var tilstrekkelig opplyst før politisk handsaming og at vedtaket vart teke på grunnlag av særskild mangelfull informasjon vil vi:

A. Be om at Fylkesutvalet vurderer saka på nytt

B. Subsidiært sikra framtidig bruk av området gjennom at Valøya og kulturlandskapet nedanfor riksvegen, som ikkje er jordbruksland, vert halde unna salet av Garden, og at allmenn bruk av stiar, hytter og rastehytter vert ivarettatt som no.


På vegne av lag og organisasjonar i Valebygda

Valestiftinga



v. Reidar Handeland

Interesselaget Postveien



v. Ove Tvedt

Vedlegg:

1. Avtalar, heftingar og særlege forhold vedrørande eigedomen på Valen
2. Skriv frå lokale lag og organisasjonar
3. Oversiktskart

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland  
Eigedomsavdelinga Hordaland Fylkeskommune  
Fylkeskonservator Hordaland Fylkeskommune  
Fylkesidrettsjef Hordaland Fylkeskommune  
Ordfører Kvinnherad kommune  
Kultursjef Kvinnherad kommune  
Verksemdsleiar teknisk etat Kvinnherad kommune  
Friluftsrådet Vest  
BT  
Kvinnheringen  
Grenda  
Haugesunds Avis